



Norconsult Norge As
Øyvind Minsaas
Postboks 626
1303 Sandvika

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/71667	25/17164	Renate Halstensen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		07.07.2026

Løye til endring og vedtak om dispensasjon - 134/60, Venjanesvegen 295 - Utviding av ferjekaibru, fv. 552

**ENDRING AV LØYVE
etter § 20-3 i plan- og bygningslova**

Løyet det blir søkt om avvik eller endring frå	
Vedtaksnr : 719/2025	Dato: 29.09.2025

Tiltak: Utviding av ferjekaibru
Byggestad: Gbnr: 134/60
Tiltakshavar: Vestland Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger
Ansvarleg søkar: Norconsult Norge As
Postboks 626
1303 Sandvika

Delegasjonssaksnr. Utval
648/2026 - Delegert sak Plan- og bygningsutvalet

Vedtak om dispensasjon

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, blir det gitt dispensasjon frå arealføremål anna veggrunn og køyreveg i reguleringsplan for Venjaneset for etablering av breiare ferjekaibru med tilhøyrande anlegg slik det går fram av søknaden.

Grunngivinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtak om løyve til endring

Bjørnafjorden kommune gir løyve til endra bredde på ferjekaibru, utviding av grøntareal, justert plassering av HC plass og etablering av 10 nye parkeringsplassar på følgande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.06.2026 med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 29-4, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-3.
2. Vilkåra i vedtak datert 29.09.2025 gjeld som før.
3. Situasjonsplan godkjent i vedtak den 29.05.2025 går ut, og blir erstatta med teikningar godkjende her.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1 jf. § 20-3.

Generelle vilkår:

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller blir innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Dersom du ønsker å endre tiltaket i høve til rammeløyvet, må du søke særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Saksopplysningar og vurdering

Saka gjeld søknad om etablering av ny ferjekaibru, justering av gangveg, etablering av parkering for forflyttingshemma, flytting av ladetårn, fornying av aggregathus og etablering av ny dykdalb i forlenging av tilleggskai godkjent i vedtak 29.09.2025.

Føremålet med tiltaka er å utvide tilkomst til ferjene for å betre åtkomsttilhøva for mjuke trafikantar.

Det er søkt om endring av løyve. Endringa gjeld endra bredde på ferjekaibru, utviding av grøntareal, justering og plassering av HC plassar og etablering av fleire parkeringsplassar i samsvar med situasjonsplan og teikningar av veg og p-plassar mottatt 01.07.2026

Vi viser elles til søknad mottatt 01.07.2026

Nabovarsel

Det er bedt om fritak frå krav om nabovarsel. Etter kommunen sin vurdering rører tiltaket i liten grad naboars interesser. Vi vurderer difor at varsling kan unnlatast.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.06.2026

Tiltaket blir godkjent plassert slik det går fram av vedlagte situasjonskart og teikningar.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakoder i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal projekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og til bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplan for endra bredde på fergjekaibru, endring av grøntabatt, etablering av 10 nye parkeringsplassar og flytting av HC plass nærmare ferjekaien. Tiltaka skal plasserast i areal avsett til *anna veggrunn* og *køyreveg* i gjeldande plan.



Kommunen har i vedtak datert 29.09.2025 gjeve dispensasjon frå planen og pbl § 1-8 for oppgradering av ferjekaia. Det søkjast no om nokon mindre justeringar av prosjektet. Endringa utløyser behov for ny dispensasjon frå reguleringsplan, men ikkje frå pbl § 1-8.

Søknaden er grunngjeve med følgjande:

- Grøntrabatten vil gi betre fysisk skilje mellom gåande og køyrande, auke trafikksikkerheita, gjere trafikkmønsteret meir oversiktleg.
- Parkeringsplassane vil fjerne ureglementert parkering i oppstillingsfelta for ferjekø, gje betre trafikkflyt og tryggleik, leggje til rette for av- og påsetting av ferjepassasjerar.
- Tiltaket vil betre tryggleik for fotgjengarar og gje ein tydelegare og meir oversiktleg trafikkavvikling på ferjekaia.
- Gje meir grøntpreg og betre estetikk på kaiområdet.
- Redusert behov for tilfeldig og ureglementert parkering

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak arealføremålet, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Reguleringsplanen for Venjaneset er av eldre dato, tilpassa den gangs ferjedrift. I dag er det meir trafikk til og frå ferjene, og større krav til infrastruktur rundt ferjedrifta. Det gjeld og andre krav til universell utforming og omsyn til mjuke trafikantar.

Vi kan ikkje sjå at etablering av omsøkte tiltak kjem vesentleg i konflikt med arealføremålet. Tiltaket gjeld omdisponering av areal innafor eit område regulert til samferdselsanlegg. Planen er gamal og dekkjer ikkje dagens behov. Tiltaka vil betre situasjonen i området i høve til trafikktryggleik og køyremønster. Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak føremålet, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon. Kommunen vurderer at dispensasjonen i hovudsak vil gi positive verknader for trafikksikkerheit, trafikkavvikling og opplevinga av ferjekaia. Tiltaka er tett knytte til ferjekaia si funksjon og inneber ikkje ei omdisponering til formål som er ligg utanfor føremåla i reguleringsplanen.

Den føreslåtte utvidinga av grøntrabatten vil etablere eit tydelegare fysisk og visuelt skilje mellom gåande og køyrande trafikantar. På ei ferjekai med stor ferdsel av både køyretøy og mjuke trafikantar vurderer kommunen dette som ein klar fordel, då løysinga kan redusere risikoen for konflikstar og auke tryggleiken for fotgjengarar. Tiltaket vil òg gjere trafikkmønsteret meir oversiktleg og lettare å forstå for brukarane av området.



Etablering av parkeringsplassar framstår vidare som eit tiltak som kan bidra til meir ordna trafikkforhold på ferjekaia. Søknaden viser til at biloppstillingsfelt i dag blir nytta til parkering, noko som kan skape utfordringar for ombord- og ilandkøyring. Dedikerte parkeringsplassar vil kunne redusere denne problematikken og dermed gi betre trafikkflyt og auka trafiksikkerheit i området. Kommunen legg òg vekt på at tiltaka kan gi ei estetisk oppgradering av kaiområdet. Utvidinga av grøntareala vil tilføre meir vegetasjon og bryte opp større asfaltflater, noko som kan gi eit meir tiltalende og oversiktleg anlegg for brukarane av ferjekaia.

Samla vurdert framstår fordelane ved tiltaket som knytte til betra tryggleik, meir føreseieleg trafikkavvikling og ei kvalitetsheving av uteområdet. Kommunen vurderer at fordelane er konkrete og relevante for den daglege drifta og bruken av ferjekaia. Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Då vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt, «kan» kommunen gje dispensasjon. Det blir vist til kommunens praksis, og ein kan ikkje sjå forhold som gjer at dispensasjon ikkje bør bli gitt.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Det er gjort funn i naturbase på ulike sjøfuglarter av nasjonal forvaltningsinteresse. Ni av disse er av særleg stor forvaltningsinteresse, mens fem er av stor forvaltningsinteresse.

Då tiltaket skal etablerast på eit allereie utbygd område som er opparbeida med ferjeleie og tilhøyrande anlegg kan kommunen ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ingen endring frå tidlegare vedtak.

Mellombels bruksløyve / ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK10 § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Informasjon om tilsyn



Byggesak prioriterer tilsyn med følgende område i 2020, jf. tilsynsstrategien 2020:

1. Produktdokumentasjon, at krav til produktdokumentasjon av byggevarer er oppfylt i tiltaket, jf. SAK10 § 5-5.
2. Krav til kvalifikasjonar, at krav til kvalifikasjonar er oppfylt i tiltaket, jf. SAK10 § 11-3.

Dersom saka di blir valt ut som tilsynssak, sender tilsynsavdelinga deg eit skriv med nærare informasjon.

I tillegg prioriterer Bjørnafjorden kommune **stadleg tilsyn og/eller dokumenttilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve**, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdelinga kontaktar deg for å avtale tilsyn.

Når du søker om ferdigattest, må du sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Renate Halstensen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Vedlegg B5 - Søknad om utviding av dispensasjon frå reguleringsplan 1241 197503

Vedlegg B6 - Teikning til søknad om utviding av dispensasjon frå reguleringsplan 1241 197503

Vedlegg D2 - Endra situasjonsplan Venjaneset

Vedlegg E9 - Oversikt over endringer frå gitt løyve

Vedlegg E10 - Prosjektert veggeometri.pdf

Vedlegg E11 - Prosjektert veggeometri - snitt A.pdf

Vedlegg E12 - Prosjekterte parkeringsplasser.pdf

Vedlegg E13 - Prosjekterte parkeringsplasser - snitt B.pdf

Kopi til:

Vestland Fylkeskommune

Askedalen 2

6863

Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve